



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 41  
5914 Isdalstø

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
19/583 - 5 / OMO

Dato:  
27.08.2019

## Oversending av vedtak - Barnevern - samarbeid med andre kommunar

Til ordførar, med kopi til rådmann.

Ad. Framtidig samarbeid om barnevern mellom Alver kommune og kommunane Austrheim/Fedje.

Vi oversender med dette saka som var oppe i formannskapet i Austrheim kommune 22. august. Formannskapet gjorde følgjande vedtak:

*Formannskapet i Austrheim kommune ber om at Alver kommune opnar for å gjennomføre eit prosjekt, i tråd med fylkesmannens forslag, med sikte på eit framtidig samarbeid om det kommunale barnevernet.*

*Rådmannen får fullmakt til å organisere, og gjennomføre prosjektet. Prosjektet skal ta sikte på å utforme avtale, samarbeidsform, driftsform, styringsrutinar, økonomi og andre rammer for samarbeidet. Kommunestyra i dei respektive kommunane tek endeleg stilling til forslag som vert utforma i prosjektet.*

Austrheim kommune vil samtidig nytte høve til å takke for svært konstruktiv dialog administrativt som ligg til grunn for denne saka. Vi håper dette kan vidareførast i skisserte prosjekt.

Med helsing

Olav Mongstad  
konstituert rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### Vedlegg:

Etablering av prosjekt med sikte på å integrere Austrheim og Fedje barnevern i Alver barnevern

**Vedlegg:****Kopi til:**

Ole Georg Hoas

**Mottakere:**

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 5914  
41

Isdalstø

Meland kommune

Postboks 79 5906

Frekhaug

Radøy kommune

Radøyvegen 1690 5936

MANGER